




Meland kommune

Hordaland fylkeskommune - kulturavdelinga

Dato:
05.05.2014

Den kulturelle spaserstokken i Meland

Kulturtildel for eldre i Meland kommune 2013



Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01
Tlf tenesteområde

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Innhald:

Bakgrunn for den kulturelle spaserstokken.....	3
Arbeidsgruppa.....	3
Målsetjing.....	3
Organisering og samarbeid.....	4
Tiltak 2013.....	4
Finansiering.....	4
Vurdering.....	5
Planar framover.....	5

Bakgrunn for den kulturelle spaserstokken

Sitat frå Kulturdepartementet sine formål med Den kulturelle spaserstokken.

"Målet med Den kulturelle spaserstokken er:

- å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høy kvalitet til eldre
- å legge til rette for økt samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det utvikles gode kunst- og kulturprosjekter lokalt innenfor et mangfold av sjangre og uttrykk
- å bidra til at eldre får et tilpasset kulturtildelning på arenaer der de eldre befinner seg i dagliglivet"

Meland kommune fekk sitt første tilskot frå Kulturdepartementet til Den Kulturelle spaserstokken hausten 2009. Det vart ytt eit tilskot på 20.000,- til gjennomføring av tiltak for eldre i tråd med søknad og retningslinjer. Tilskotet har auka jevnleg til 40.000,- for 2013. Tilskotet er sett til 34.000,- i 2014. Grunngjevinga frå Kulturdepartementet for å sette ned tilskotet er at dei har lagt til grunn nye kriterier som folketal når dei har fordelt pengane. Eldrerådet var ansvarleg for planlegging av program og gjennomføring fram til 2011. Frå og med 2012 har ansvaret for den Kulturelle spaserstokken i Meland blitt ivaretaken av ei arbeidsgruppe.

Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa for Den kulturelle spasertstokken i Meland er sett saman slik:
3 representantar frå Fellesrådet (tidlegare Eldrerådet)
1 representant frå Helselaget
Meland Frivilligsentral v/dagleg leiar

Gruppa er ansvarleg for årlege søknader til Kulturdepartementet om midlar, planlegging av program, kontakt med aktuelle kunstnarar og gjennomføring av program. Gruppa held seg oppdatert på kulturtildelning som er retta mot eldre. Gruppa har 4-5 møter i året.

Målsetjing

Målsetjing for den Kulturelle spaserstokken i Meland: Å tilby profesjonell kunst til eldre i kommunen.

Organisering og samarbeid

Kommunen står som søker til midlane som er sett av til Den Kulturelle Spaserstokken frå Kulturdepartementet. Dette er eit krav for å få tildelt midlar. Arbeidsgruppa er ansvarleg for planlegging av program og gjennomføring. Arbeidsgruppa har samarbeidd med Helselaget i Meland når det kjem til gjennomføring av program. I 2014 vil vi arbeide for samarbeid med fleire lag i Meland for å kunne utvide kulturtilbodet til eldre i Meland. Døme på slikt samarbeid kan vere:

- kino for seniorar på ungdomshus i samarbeid med ungdomslag.
- Kulturprosjekt for demente i samarbeid med song og musikk lag
- Kulturinnslag på kulturveldane i samarbeid med Kulturskulen.

Tiltak i 2013

Program 2013:

I samband med Stemmerettjubileet blei det bestemt at eit av programma for året skulle ha fokus på jubileet. Arbeidsgruppa kontakta Sogelaget i Meland og oppmoda dei om å lage utstillinga i "I kvardag og fest". Ei fotoutstilling med bilder av kvinner i kommunen – i kvardag, fest og i lagsarbeid. Utstillinga blei vist under kulturvelden 21.03.2013, på sjukeheimen og på biblioteket.

Utstillinga blei også nytta i samband med kommunen si markering av Stemmerettsjubileet 8.mars på Folkehøgskulen.

Kulturveld: 21.mars var det tradisjonen tru vårens kulturveld for seniorar på Folkehøgskulen. På programmet var:

Jon Eikemo «i skjemt og alvor», Måltrastena, Melandsrevyen og jubileumsutstillinga.

1.oktober vart Den Internasjonale Eldredagen markert på Nordhordland folkehøgskule. Dagen blir markert kvart år med ein kulturveld i samarbeid med Eldrerådet. Programmet har nokon faste innslag som tale ved ordføraren og presten. Song ved pensjonistkoret og dans med seniordansarane. Resten av programmet er kulturinnslag som varierar år for år. I 2013 var det kåseri ved Narve Bjørgo og filmen «Livsstil på Hell» av Øyvind Sandberg.

På Meland Sjukeheim vart eldredagen markert med ein konsert av eit Shantykor.

Finansiering

Den Kulturelle Spaserstokken i Meland fekk 40.000,- frå Kulturdepartementet til 2013. Billettinntekter frå kulturvelden 21.03. var på 3600,-. I tillegg dekka Meland Helselag kostnadene på 2000,- for å engasjere eit Shanty kor til Meland Sjukeheim på Den Internasjonale Eldredagen 1.oktober.

I 2013 gjekk budsjettet til Den Kulturelle Spaserstokken i Meland i balanse. Tidlegare år der ein har brukt meir enn statstilskotet har ein supplert med pengar frå Trivselskomiteen.

Vurdering

Arbeidsgruppa er godt nøgde med programmet for 2013. Gruppa jobbar kontinuerleg med å finne fram til kulturtilbod til eldre i institusjon, og kulturtilbod til målgruppa på andre arenaer.

På opne arrangement er utfordringa å nå «yngre pensjonistar». Publikummet på dei fleste arrangementa representerer dei eldste i målgruppa. Dette er ei problemstilling arbeidsgruppa jobbar med, og vurderer i høve til program, marknadsføring og arenaer. Målet er å nå flest mogleg.

Program 2014

I søknaden til statstilskot for 2014 – vart det søkt om pengar til følgjande program:

1 kulturkveld

Den Internasjonale Eldredagen 1.oktober.

Prosjekt Meland Sjukeheim i samarbeid med Museumssenteret i Salhus.

Kulturvelden er lagt til 13.mars på Nordhordland Folkehøgskule, og vil ha fokus på Grunnlovsjubileet.

Den Kulturelle Spaserstokken i Meland fekk 34.000 i tilskot til 2014. Meland Helselag har søkt pengar til å gjennomføra tiltaket ved Meland Sjukeheim. Slik vil programmet for 2014 bli gjennomført.